

Alver kommune, Miljø og tilsyn
v/rådgjevar Astrid Riise

Alversund, 25.11.2020

Vedk. utbetring av septiktank gbnr 137/1 Alver

Viser til brev av 30.09.2020, der det vert krevd utbetring av septiktanken på garden min i Alversund. Det er slett ikkje eit urimeleg pålegg, men eg må likevel få søkja om utsetjing av dette utbetringsarbeidet og vonar de vil sjå med velvilje på følgjande grunngjeving:

På bruksnummer 1 har vi i fleire generasjonar hatt privat brønn (brønns hus m/pumpe) og eigen septiktank. Brønnen har gitt vatn også til andre bustader på garden, bnr. 32 og 195. 32 (søster mi) og 195 (foreldra mine, no døde) avvikla for fleire år sidan deira septiktankar og kopla seg på kommunalt kloakkavløp. Det er målet for meg også i samband med at 195 (som søster mi har overtatt) går over frå vår private brønn til kommunalt vassverk i 2021. Vassleidninga går nemleg via 195-eigedommen til meg i nr. 1. Då blir det aktuelt også for meg å kopla meg på kommunalt vatn og kommunalt avløp.

Litt komplisert dette, men det er i alle fall situasjonen.

Eit anna argument for utsetjing på septiktanken er at den ligg heilt avisedes frå dei andre bustadene på naboeigedomane. Avsig frå septiktanken gjev neppe konsekvensar for korkje folk eller fe.

Eit tredje moment er at vi nettopp har fått ordna opp etter ei alvorleg vasslekkasje i huset mitt. Vaskerom, soverom og gang vart oversvømt. Eg hadde ikkje klart å fiksa septiktanken uansett denne hausten. Vasslekkasjen kan stadfestast av Recover, Haugland VVS og Nordhordland Elektro.

Septiktanken er gammal. Eg ber om utsetjing til neste år med å avvikla min private septiktank i samband med tilkopling på kommunalt vatn og avløp. Det ville for meg bli ein urimeleg kostnad å reparera, eller kjøpa ny, septiktank no.

Eg håpar Alver kommune har forståing for situasjonen min.

Vennleg helsing
Håkon Glatved-Prahl
Skarsvegen 7
5911 Alversund
Tlf. 90089450
hggprahl@gmail.com